

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 21/00156-4

Saksbehandler Bodil Gjeldnes

Kommunedelplan for naturmangfold - planoppstart og planprogram

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for miljø, areal og teknikk	01.10.2021	52/21

Hovudutval for miljø, areal og teknikk har behandlet saken i møte 01.10.2021 sak 52/21**Votering**

Innstillinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

Hovudutval for miljø, areal og teknikk sitt vedtak

Surnadal kommune vedtar oppstart av arbeidet med kommunedelplan for naturmangfold, jfr. pbl §11-12. Forslag til planprogram for kommunedelplan for naturmangfold sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl §11-13.

Kommunedelplan for naturmangfold - planoppstart og planprogram

Kommunedirektørens innstilling:

Surnadal kommune vedtar oppstart av arbeidet med kommunedelplan for naturmangfold, jfr. pbl §11-12. Forslag til planprogram for kommunedelplan for naturmangfold sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl §11-13.

Saksopplysninger

Ivaretaking av naturmangfoldet er ei sentral målsetting i gjeldande kommuneplan, og kommunestyret vedtok i desember 2020 at det skulle utarbeidast ei kommunedelplan for naturmangfold.

I januar 2021 vart det høve til å søke staten om tilskudd til å utarbeide kommunelplan for naturmangfold og Surnadal kommune har i likheit med 22 andre kommunar fått tilsagn om kr. 125 000,- til dette. Kommunane er med i eit nettverk leia av miljødirektoratet og arbeidet skal skje i tråd med miljødirektoratets veileder for dette området. Det er forutsett at plana skal vedtakast i løpet av 2022. Også nabokommunane våre Sunndal og Tingvoll kommunar skal utarbeide kommunedelplan for naturmangfold og eit samarbeid med desse er allereie etablert.

Tapet av naturmangfold er aukande både i Norge og i resten av verda, og fleire artar er trua av utrydding no enn på noko anna tidspunkt i historia. Berre i Norge er 1 av 5 artar av både planter og dyr på raudlista. Nedbygging av natur er den viktigaste årsaka.

Norge har gjennom internasjonale avtalar forplikta seg til å ta vare på naturmangfoldet, seinast FNs bærekraftsmål. Dei nasjonale måla for naturmangfold er:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal forbeholdast.
- Eit representativt utvalg av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar.


















Tatt i betraktning at nedbygging av natur er den største trusselen mot tap av naturmangfold har kommunane som plan- og bygningsmyndigheit ei svært sentral rolle og eit stort ansvar for at Norge kan nå desse måla. Ei kommunedelplan vil kunne være eit viktig virkemiddel for å kunne gå systematisk til verks med problemstillinga.

Vurdering

Planprogrammet beskriv mellom anna mål med planarbeid, kva føringar som gjeld, utviklingstrekk, framdriftsplan, organisering og medverknad. Dette gir eit godt grunnlag for å starte arbeidet med plana. Innspela som kjem inn ved høyring av planprogrammet vil kunne justere på dette.

Vurdering av effekt opp i mot FN sine 17 bærekraftsmål

Saksbehandlar sett kryss framfor dei bærekraftmåla som ein vurderer at saka / tiltaket vil kunne ha ein effekt på:

- | | | |
|-------------------------------------|---|---|
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 1
Utrydde fattigdom |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 2
Utrydde sult |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 3
God helse |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 4
God utdanning |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 5
Likestilling mellom kjønnene |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 6
Rent vann og gode sanitærforhold |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 7
Ren energi for alle |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 8
Anstendig arbeid og økonomisk vekst |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 9
Innovasjon og infrastruktur |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 10
Mindre ulikhet |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 11
Bærekraftige byer og samfunn |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 12
Ansvarlig forbruk og produksjon |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 13
Stoppe klimaendringene |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 14
Liv under vann |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 15
Liv på land |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 16
Fred og rettferdighet |
| <input type="checkbox"/> |  | Mål 17
Samarbeid for å nå målene |

Vedlegg

RETT UTSKRIFT
DATO 6.oktober.2021